

Forvaltningsplan for Lærdalsvassdraget

Eit samarbeidsprosjekt for heilskapleg forvaltning av Lærdalsvassdraget

Vedteken i kommunestyret 05.09.2019



Framsidedeilete: Bilete er tatt frå Erisåsen mot sør, oppover Lærdal. Nedre Eri ligg i nedre, venstre biletkant. Molde, Tønjum og Voll ligg oppover dalen mot sør. Biletet er tatt med «panorama»-funksjon (vidvinkel). Foto: Gert Høgseth, NVE.

Innhald

Innhald.....	3
1 Innleiing.....	1
1.1 Bakgrunn	1
1.2 Målsetjing.....	1
1.3 Prosess.....	2
Del 1 - Forvaltningsgrunnlaget	3
2 Lærdalsvassdraget.....	3
2.1 Oversikt	3
2.2 Natur- og kulturfaglege verdiar	7
2.3 Næringsinteresse.....	10
2.4 Fysiske tiltak	10
2.5 Masetransport og isdanning	12
3 Roller og ansvar i Lærdalsvassdraget	12
3.1 Sikringstiltak og flaumkapasitet	12
3.2 Tabelloversikt over aktørar, roller, oppgåver og ansvar	13
3.3 Tersklar, utstikkarar og andre vassdragstiltak.....	15
3.4 Legge ned (fjerne) vassdragsanlegg	15
4 Regelverk, prinsipp og avtalar	16
4.1 Vern av villaks – nasjonalt laksevassdrag	16
4.2 Reguleringskonsesjon.....	16
4.3 Plan- og bygningslova (pbl.)	16
4.4 Vassressurslova (vrl.).....	17
4.5 Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag.....	17
4.6 Naturmangfaldlova (nml.)	17
4.7 Vassforskrifta.....	18
4.8 Avtalar	18
Del 2 - Forvaltning av Lærdalsvassdraget.....	19
5 Praktisk forvaltning	19
5.1 Forvaltningsområde	19
5.2 Forvaltningskategoriar	19
5.3 Oversikt over tiltak med forvaltningskategoriar	20
6 Frå søknad til ferdig tiltak.....	23

6.1	Innleiing	23
6.2	Generelt om kva du må søke om	23
6.3	Saksgang	24
6.4	Vurdering av nokre typar tiltak	27
7	Andre omsyn i og langs vassdraget	30
7.1	Lagring av rundballar og lausmassar	30
7.2	Desinfisering	30
8	Råd til kommunen og oppfølging av forvaltningsplanen	31
9	Kontaktinformasjon Lærdal kommune	32
10	Vedlegg	33
11	Referanser	34

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Lærdalsvassdraget har ein sentral plass i Lærdalssamfunnet. Lærdalselvi gjev vatn til landbruk og hushaldning og den gjev liv til ein verdskjend laksebestand. Samstundes gjev elva lokalsamfunnet utfordringar med flaum. Forbyggingar og tersklar er vanleg som sikring mot flaum og erosjon langs elva. Etter flaumen i Kuvelda i 2014 var det ein auke i mengde søknader om tiltak i elva, og det vart utfordrande å forvalte vassdraget heilskapleg. Forvaltninga treng oversikt over samla verknad av tiltak i vassdraget.

For å kunne forvalte vassdraget på ein god måte er det naudsynt med nokre prinsipielle prioriteringar. Frå historia veit ein at elva kan vere vill og farleg, og ein ventar auka ekstrem nedbør i framtida. Difor må ein alltid ta omsyn til samfunnstryggleik. Villaksen betyr mykje for Lærdalssamfunnet. Den har fått vern gjennom statusen til Lærdalsvassdraget som nasjonalt laksevassdrag. Det er viktig å ta vare på og betre naturkvalitetane for å oppnå ei berekraftig utvikling av villaksbestanden. Landbruket i Lærdal har lange tradisjonar. Særleg gode tilhøve for landbruk gjer dette til den viktigaste næringa med tilknytning til vassdraget, saman med turisme og vasskraftproduksjon.

Forvaltningsplanen skal liggje til grunn for fysiske tiltak i og ved vassdraget. Den er grunnlaget for kommunen si forvaltning og grunnlagsdokument for dei andre prosjekteigarane. Målgruppa er forvaltninga, grunneigarar og andre som har interesse i vassdraget.

1.2 Målsetjing

Det overordna målet er ei kunnskapsbasert, heilskapleg og berekraftig forvaltning av lakseførande del av Lærdalsvassdraget.

Effektmål

- omsynet til samfunnstryggleik, villaks, naturmangfald og næringsinteresser i og kring vassdraget er ivareteke
- det er føreseielege rammer for dei ulike aktørane med interesser knytt til vassdraget
- tilhøva for naturmangfaldet og villaksen i og rundt elva er betra
- miljømål vert nådd i samsvar med den regionale vassforvaltningsplanen¹

¹ Den regionale vassforvaltningsplanen er knytt til vassforskrifta. Fylkeskommunen har hovudansvar for arbeidet. Sjå avsnitt 2.1 og 4.7.

Resultatmål

- ansvar og roller knytt til vassdraget er klare
- forvaltninga av vassdraget er forenkla og effektiv, og integrert med den regionale vassforvaltningsplanen
- det er lagt til rette for ei stabil utvikling og berekraftig bruk av vassdragsressursane

1.3 Prosess

Etter flaumen i Kuvelda i 2014 var Lærdal kommune, Lærdal elveeigarlag, Østfold Energi, Fylkesmannen og Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) samde i at det var naudsynt med ein forvaltningsplan for vassdraget.

Arbeidet med forvaltningsplan vart organisert som eit prosjekt med Lærdal kommune, Fylkesmannen, Noregs vassdrags- og energidirektorat, Lærdal elveeigarlag og Østfold Energi som prosjekteigarar. Det vart etablert ei prosjektgruppe med ein til to representantar frå kvar av prosjekteigarane, og ein prosjektleiar frå NVE vart engasjert til å leie arbeidet.

Forvaltningsplanen vart send til offentleg høyring i starten av juli 2019.

Ein prosjektplan vart ferdigstilt i fyrste halvdel av prosjektet og har lagt føringa for framdrift og innhald i prosjektarbeidet. Forvaltningsplanen, ein statusrapport for Lærdalsvassdraget og vedlegg til begge desse er utforma av prosjektleiaren i samarbeid med prosjektgruppa. Statusrapporten summerer viktig kunnskap og informasjon om vassdraget. Det er samla inn kunnskap gjennom litteraturstudie og informasjon frå prosjekteigarane, fiskerettshavarar, lokalbefolkning og andre med kunnskap om elva.

Kommunestyret vedtok planen i møte 05.09.2019. Prosjekteigarane skal no innarbeide og setje i verk forvaltningsplanen i sin organisasjon.

Del 1 - Forvaltningsgrunnlaget

Med forvaltningsgrunnlaget meiner ein kunnskap og relevant regelverk for forvaltning av vassdraget. Det blir gjeve ei oversikt over vassdraget, natur, kvalitetar og utfordringar i vassdraget i kapittel 2. Roller og ansvar blir drøfta i kapittel 3, medan det blir gjeve ei oversikt over regelverk i kapittel 4.

2 Lærdalsvassdraget

2.1 Oversikt

Landskapsform

Elva renn i eit landskap som vekslar i dalbreidde og fall. Frå Heggfoss til Borgund renn elva i ein relativt brei dal med flat dalbotn og lite fall. Ved Borgundfjorden er elva ekstra sakteflytande. Mellom Borgund og Stuvane er fallet større og dalen smalare. Det er kraftverktøp ved Sjurhaugfossen og Stuvane. Frå Stuvane vidar dalen seg ut og elva har lite fall. Elva renn i ein markert U-dal med flat og brei dalbotn med bratte fjellsider ned til munningen i fjorden. Dei største sidevassdraga er bratte og renn i markerte V-dalar som ofte munnar ut om lag i nivå med hovuddalføret.

Vassdrag og nedbørfelt

Lærdalselvi blir danna der Mørkedøla frå Hemsedalsfjellet og Smeddøla frå Filefjell renn saman ved Borlaug, litt ovanfor Heggfoss (Figur 1).



Figur 1: Kartet viser Lærdal frå samløpet mellom Smeddøla og Mørkedøla ved Borlaug til munningen av Lærdalselvi ved Lærdalsøyri. (Kartet er tilpassa frå Norgeskart.no).

Elva renn om lag 44 kilometer vestover gjennom Lærdal til munningen ved Lærdalsøyri. Nedbørfeltet til Lærdalsvassdraget er totalt på 1182 km². Om lag 30% av dette er regulert. Små delar av nedbørfeltet ligg utanfor kommunen. Store delar av nedbørfeltet til Lærdalsvassdraget ligg på rundt 1500 m.o.h. eller høgare. Det gjer at vass temperaturen i elva er låg om sommaren sjølv om vassdraget ikkje har brevatn.

Større sidevassdrag er til dømes Kvemma ved Øvre Kvamme, Dylma, Kvemma ved Nedre Kvamme, Nivla, Senda, Kuvelda og Ofta. I den relativt flate dalbotnen er det mange kilar (sjå døme i Figur 2), sideløp og sidevassdrag som anadrom laksefisk kan nytte til gyting og oppvekstområde. Desse delane av vassdraget fører òg næring ut i hovudelva. Fleire av områda har redusert funksjon for anadrom laksefisk på grunn av fysiske tiltak eller manglande vedlikehald.



Figur 2: Vassintak til Seltakilen, Seltun. Kilen vart restaurert i samband med Statens Vegvesen si oppgradering av E16. Hovudelva renn mot venstre i bakgrunnen. Foto: Gert Høgseth, NVE.

Sedimentavsettingar og marin grense

Det er i hovudsak elveavsettingar i dalbotnen og rasavsettingar i dalsidene. Nokre større terrasse-avsettingar finst i overgangen mellom dalbotn og dalside. Marin grense i Lærdal er på om lag 120 m.o.h. Nokre stader som ligg lågare enn marin grense er det avsett marin leire.

Arealbruk langs vassdraget

Landbruket dominerer arealbruken langs elva. Det er avsett areal til næring og industri nokre stader. Det er tett busetnad ved Lærdalsøyri, Ofta, Saltkjelen og Borgund, og elles spreidd busetnad og landbruksdrift langs vassdraget. Området ved Lærdalsøyri er vist i Figur 3.



Figur 3: Lærdalselvi, tett busetnad og landbruksareal i området rundt Lærdalsøyri. Biletet er tatt med "panorama"-funksjon (vidvinkel). Foto: Gert Høgseth, NVE.

Fysiske tiltak i vassdraget

Det er mange fysiske tiltak i vassdraget. Døme på slike er forbygging, tersklar, utstikkarar, kulvertar, bruer, erosjonssikring, regulering, vassuttak. Døme på verknader av fysiske tiltak er endring i dei naturlege leveområda for fisk, stenging eller forringing av oppvekst- og leveområde for fisk, endringar i vassføring og vassstemperatur og sediment som vert virvla opp under arbeid i elva. Det er gjort nokre kompenserande tiltak i vassdraget, som bygging av fisketrappar, restaurering av kilar og habitattiltak. Fisketrappa ved Husum er vist i Figur 4.



Figur 4: Fisketrapp ved Husum. Foto: Gert Høgseth, NVE.

Fiskeforvaltning

Lærdal Elveeigarlag er lokal forvaltar av anadrom laksefisk i vassdraget. Dei arbeider for tida med ein ny driftsplan. Brunaurestammen i elva ovanfor anadrome sone (Svartegjel i 2019) blir forvalta av Borgund Elveeigarlag. Østfold Energi driftar alle fisketrappene i Lærdalselvi. Fisketrappene var stengt når laksen var smitta av *Gyrodactylus salaris*. Etter friskmelding i 2017 vart dei tre nedste trappene opna igjen. Den øvste er framleis stengt. Gytemålet er ikkje nådd fem år på rad etter at elva vart smittefri. Det er difor restriksjonar i fisket når denne planen blir utarbeida. Lærdalselvi fekk status som nasjonalt laksevasdrag i 2007 (St.prp. nr. 32, 2006-2007).

Vasskvalitet og sjukdom

Laksen var infisert av *G. salaris* frå midten av 1990-talet til 2012. Elva vart friskmeld i 2017, etter 5 år utan smitte, men vassdraget vert framleis overvaka. Det er fokus på desinfeksjonspraksis og informasjons- og haldningsskapande arbeid for å hindre ny smitte i vassdraget. Reglar for desinfisering er skildra i kapittel 7.2.

Både lakselus og rømt oppdrettsfisk kan verke vesentleg inn på laks og sjøaurebestandane våre. Bestandar av laks og sjøaure i Lærdalsvassdraget står oppført med påverknad av ukjent grad frå lakselus og rømt oppdrettsfisk (vann-nett.no). Det er ei prioritert oppgåve på regionalt nivå å hindre at rømt oppdrettsfisk gyt i vassdraga våre.

Det er ikkje kjende kjemiske ureiningar av større omfang i vassdraget, men vasskvaliteten vert noko påverka av avrenning frå landbruk og avlaup. Vasskvaliteten er gjeve graden «god» og har ikkje hatt behov for tiltaksplan. Regional plan for vassforvaltning er no under revidering (fylkeskommunen). Det kan bli sett nye mål for å betre vasskvaliteten som forvaltninga må ta med i sakshandsaminga.

Lærdalsvassdraget er klassifisert som sterkt modifisert vassførekomst (SMVF) etter vassforskrifta. Årsaka er mellom anna mange fysiske tiltak og regulering. Statusen som SMVF betyr at miljømålet etter vassforskrifta § 5 skal vere «godt økologisk potensial» og «god kjemisk tilstand». Tilstanden i ein SMVF skal vernast mot ytterlegare forringing, og det er eit mål at tilstanden i førekomsten skal betrast for å oppnå miljømåla (vassforskrifta § 5).

2.2 Natur- og kulturfaglege verdiar

Det er ei rekkje natur- og kulturfaglege verdiar langs Lærdalsvassdraget som er kartfesta i ulike karttenester. To av dei viktigaste er «Fylkesatlas» (Fylkesmannen si kartteneste) og «Naturbase» (Miljødirektoratet si kartteneste). I dette dokumentet blir det vist til «Fylkesatlas». Viktige natur- og kulturfaglege omsynsområde i Lærdal er summert i Vedlegg 1.

Naturtypar, raudliste og verneområde

Naturtypar er sentrale for å ivareta artsmangfaldet, variasjonsbreidda og dei økologiske samanhengane i norsk natur. Det er registrert 143 naturtypar i Lærdal kommune med verdi frå A (svært viktig) til C (lokalt viktig) for det biologiske mangfaldet. Naturtypane i Lærdal er til dømes elveøyrrer og ulike typar av beitemark, hagemark, slåttemark, skog og bekkekløfter. Mange av lokalitetane er knytt til vassdraget. Ved Husum er eit område med edellauvskog/rik lauvskog verna som naturreservat. Informasjon om områda ligg i karttenesta «Fylkesatlas».

Klimaet i Lærdal skapar gode veksttilhøve og det er artar i Lærdal som knapt finst andre stader i landet. Klåved er ein av fleire plantar langs vassdraget som er på den norske raudlista. Det er ei oversikt over artar og naturtypar som har risiko for å dø ut eller gå tapt i Noreg. Oter er det einaste pattedyret på raudlista som er knytt til vassdraget. Ål er òg på norsk raudliste. Laks er

ikkje på raudlista, men har særleg stor forvaltningsinteresse for Noreg av andre årsaker. Artar Noreg har særleg forvaltningsansvar for er registrert i «Fylkesatlas».

Kantvegetasjon

Kantvegetasjon langs vassdrag er ei overgangssone mellom vatn og land. Den reduserer avrenning til vassdraget, og minkar vasshastigheit og erosjon langs elvebreidda. Den gjev næring, skjul og skugge og dannar viktige leveområde for dyr og plantar på land og i vatn. 75-80% av næringsgrunnlaget til botnfaunaen i elva kjem frå land. Grunneigar har ansvar for å oppretthalde funksjonen til kantvegetasjon i samsvar med vassressurslova § 11. Det betyr at eit avgrensa, naturleg vegetasjonsbelte som tar i vare dei økologiske funksjonane som kantvegetasjonen har i naturen skal vere tilbake.

Kantvegetasjonen langs Lærdalselvi er stadvis frodig, men nokre stader er den smal eller mangelfull. Fleire stader er det landbruksdrift fram til elvekanten og lite vegetasjon som kan redusere avrenning og danne eit naturleg filter mellom landbruk og vassdrag. Generelt rår ein til minimum 10 meter kantvegetasjon for å redusere avrenning frå landbruk og gje gode leveområde for dyr og plantar (Fylkesmannen i Rogaland, 2010). Ein oppmodar difor grunneigarane til å vere medviten kva verknad kantvegetasjonen har for alt liv i og langs vassdraget. Meir informasjon om skjøtsel og ansvar for kantvegetasjon og konsekvensar den har i høve flaum og sikringstiltak er skildra i Vedlegg 2.

Vassfauna og fiskehabitat

Laks og sjøaure er dei dominerande fiskeartane i anadrom sone. Dei vandrar naturleg til Sjurhaugfossen, om lag 25 kilometer frå sjøen. Ved hjelp av fire fisketrapper kan fisken vandre til Heggfoss, om lag 16 kilometer oppstrøms Sjurhaugfossen. (Den øvste fisketrappa, ved Svartegjel, er stengd medio 2019.) Sjøauren nyttar i hovudsak nedre del (Lærdalsøyri-Stuvane) og laks i hovudsak øvre del (Stuvane-Sjurhaugfossen) til gyting og oppvekstområde. Ovanfor Sjurhaugfossen er det ein god brunaurestamme. Det er òg ørekyte, skrubbflyndre og ål i vassdraget i tillegg til stingsild ved munningsområdet.

Det er godt næringsgrunnlag for fiskeungar og det er god tilgang på gyteområde i heile elva. Kvaliteten på oppvekstområda for ungfisk nedstrøms Voll bru blir innimellom dårleg fordi det blir avsett fine sediment frå sideelvar. Ein flaskehalsanalyse som er under arbeid i samband med Østfold Energi sitt «Miljødesignprosjekt» vil skildre habitattilhøva i større detalj.



Figur 5: Lærdalslaks tatt på fluge. Foto: Alf Olsen jr.

Kulturlandskap

Midtre Lærdal er registrert som utvald kulturlandskap. Området strekkjer seg frå Borlaug i aust og nesten ned til Lærdalsøyri, og femner om fleire mindre kulturlandskapsområde. Ein eigen «*Forvaltningsplan for Midtre Lærdal 2018 – 2028*» gjeld for kulturlandskapet. Kulturlandskapet er òg omfatta av «*Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø 2018-2028*» i Lærdal.

Kulturminne

Kulturminne i Lærdal blir forvalta gjennom «*Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø 2018-2028*».

Friluftsjnteresser

Mesteparten av grunnen langs vassdraget er privat. Det er likevel lett å bevege seg langs vassdraget. Både lokalbefolkning og turistar nyttar forbyggingar og stiar langs vassdraget til å gå tur. Dei gamle vegane mellom Seltun og Borgund er godt eigna for turgåing. Det kan oppstå interessekonflikt om gåande og andre kjem for nær område der det føregår fiske.

2.3 Næringsinteresse

Dei viktigaste næringane med tilknytning til vassdraget er landbruk, fisketurisme og kraftproduksjon.

Landbruk

Lærdal har gode tilhøve for landbruk, som har vore den viktigast næringa for kommunen. Jorda er lett å drive og klimaet er godt, men det er naudsynt med kunstig vatning. Landbruket driv mellom anna med dyrking av frukt, grønsaker og bær i tillegg til dyreproduksjon. Nokre grunneigarar har bi-inntekter frå utleige av fiske.

Fisketurisme

Det er ein lang tradisjon med utleige av fiske i Lærdalselvi. Utleige av fiske starta i 1850- åra, ofte til utlendingar. I dag er det mest nordmenn som leiger fiske i elva. Det er berekna at det er om lag 1250 fiskarar som fiskar til saman nesten 8000 døgn i elva årleg. Dei har eit samla forbruk i Lærdal på ca. 27 millionar kroner (Andersen, et al., 2018).

Norsk Villakssenter med mellom anna lakseobservatorium og utstilling av historia med laksefiske i Lærdal ligg ved elvebreidda ved Lærdalsøyri.

Kraftproduksjon

Det er fleire kraftverk i hovudelva og sidevassdraga. Kraftverka i kommunen gjev inntekter til både grunneigarar og kraftselskap. Kommunen har inntekter i form av til dømes driftsinntekter (som kraftverkseigar), skatteinntekter og årlege innbetalingar til kommunen sitt nærings- og konsesjonsavgiftsfond som følgjer av reguleringskonsesjonen.

2.4 Fysiske tiltak

Sikringstiltak

Historia med støtte frå staten til sikringstiltak i Lærdalsvassdraget går tilbake til midten av 1800- talet. Elva har flaum- og erosjonssikring eller forbygging mot veg langs store delar. Mange stader er det tiltak på begge sider av elva. Erosjonssikringane ligg tett på elva medan flaumsikringane vekslar mellom å ligge langs elva eller noko tilbaketrekt. Ny flaumsikring av Lærdalsøyri er under planlegging.



Figur 6: Terskel 18 viser midt i bildet, med hølane Øvre Chaplin (nærast) og Bruhølen (ovanfor terskelen). Sjukehusbrua og sjukehuset (kvitt bygg) viser i bakgrunnen. Eldre sikringstiltak syner til venstre i bildet. Foto: Gert Høgseth, NVE

Tersklar, utstikkarar og andre vassdragstiltak

Det er registrert 168 tersklar, utstikkarar og andre vassdragstiltak i Lærdalselvi i ei registrering frå 1994 (NVE, 1995). Oversikta summerer denne typen tiltak i vassdraget per 1994. Nokre av tiltaka var bygde før reguleringa, men mange vart bygde i samband med skjønet etter reguleringa. Regulanten² vart pålagt å bygge tolv av tersklane i elva.

Vassdragsregulering

Lærdalselvi vart regulert på 1970 talet. Det er i dag to kraftverk i hovudvassdraget, Borgund kraftverk (Østfold Energi) og Stuvane kraftverk (eigd av kommunen og drifta av Østfold Energi). Utslepp av driftsvatn skjer ved Sjurhaugfossen (frå Borgund kraftverk) og ved Stuvane. Inntak til reguleringa er i magasin på fjellet.

² Med «regulanten» i denne planen meiner vi den som har konsesjon til å regulere elva (Østfold Energi).

I sideelvar er det kraftverk i Kvemma (Småkraft AS) og Nivla (Østfold Energi og grunneigarar). Det er gjeve konsesjon til kraftverk i fleire sidevassdrag.

2.5 Masetransport og isdanning

Masetransporten i vassdraget er påverka av mange kunstige faktorar, mellom anna sikringstiltak, tersklar, utstikkarar og vassdragsregulering. Tilførsel av masse frå sideelver kan vere ei utfordring. Kuvelda har dei siste åra tilført sediment som har ført til masseopphopingar i hovudløpet nedstraums Voll bru. Avsetting av sediment kan mellom anna føre til redusert kvalitet på gyte- og oppvekstområde, grunning av elveløpet og redusert flaumkapasitet.

Is kan nokre år vere eit problem i vassdraget. Botnis og sarr kan fryse fast til elvebotnen og tersklar om vinteren og føre til skade på desse. Is og sarr som frys fast til tersklar kan fungere som ei isdemning som kan bygge seg stor, og seinare føre til dambrot og isgang.

3 Roller og ansvar i Lærdalsvassdraget

Det er mange aktørar som har interesse knytt til elva. Her vert ansvar enkelt summert for sikringstiltak og andre vassdragstiltak. Ei oversikt over roller og ansvar er sett opp i Tabell 1.

3.1 Sikringstiltak og flaumkapasitet

Kommunen har i utgangspunktet ansvar for at det blir ført tilsyn med sikringstiltak som er utført med støtte frå NVE. Ansvar er stadfesta for det enkelte tiltak i avtale om distriktsdel (ofte kalla skjemavedtak eller kommunevedtak). Ansvar er òg stadfesta i «*Forskrift om kommunalt tilsyn med anlegg for sikring mot flom, erosjon og skred og anlegg for å bedre vassdragsmiljøet*». Skjøtsel og tilsyn av vegetasjon som kan ha ein verknad i ein flaumsituasjon vert rekna som ein del av ansvaret for tilsyn av sikringstiltak. Tilsynet skal skrive rapport som skal sendast til NVE. Sikringstiltak som er utført med støtte frå NVE er som hovudregel markert i NVE Atlas (NVE, 2018).

Grunneigar har eit sjølvstendig ansvar for tilsyn og vedlikehald av sikringstiltak som er oppført privat (vrl. § 37). Ansvar for tilsyn og vedlikehald av sikringstiltak som er utført med støtte frå NVE kan, etter avtale mellom kommunen og grunneigar, heilt eller delvis ha blitt overført til grunneigaren. Dette må avklarast for kvart enkelt tiltak.

3.2 Tabelloversikt over aktører, roller, oppgaver og ansvar

Tabell 1: Tabellen viser ei forenkla oversikt over roller og ansvar i Lærdalsvassdraget. Oversikta er ikkje uttømmende.

Aktør	Rolle	Oppgåve/ansvar
Kommunen	Lokal mynde, samfunnsplanlegging, sakshandsaming, tilsyn, kraftverkeigar, samfunnsutviklar, tiltakshavar ³ , klageinstans, høyringspart	Planlegge utvikling av lokalsamfunnet. Handsame søknader. Samordne sakshandsaming med andre mynde. Ha tilsyn med tiltak under og etter utføring. Følgje opp vilkår fastsett i løyve til tiltak. Tilsyn med og sørge for vedlikehald av sikringstiltak den har ansvar for, rapportere til NVE. Råd og rettleiing til innbyggjarane. Har ansvar for beredskapsplanlegging.
Fylkesmannen	Statleg mynde med ansvar for vassdrag med anadrom laksefisk, statleg ureiningsmynde, sektormynde innan beredskap og landbruk, sakshandsaming, klageinstans, høyringspart	Kan gje uttale, motsegn og avgjere saker som er viktig for anadrom laksefisk. Dispensasjonsmynde i høve reglar om kantvegetasjon. Har særleg ansvar for at natur og anadrom laksefisk vert teke i vare.
NVE	Statleg vassdragsmynde, sakshandsaming, tilsyn av regulant, høyringspart om vassdragssaker	Kan gje uttale til tiltak i vassdrag, og uttale og motsegn til arealplansaker. Planlegg og utfører nye sikringstiltak i samarbeid med kommunen. Har tilsyn med regulanten sitt arbeid i vassdraget (miljøtilsynet). Kan gje pålegg overfor regulanten og andre som utfører og eig tiltak i vassdraget. Vurderer konsesjonsplikt under høyring.

³ **Tiltakshavar** er den som «eig» og set i gong eit tiltak. Tiltakshavar skal be kommunen om førehandskonferanse, kjenne lovverket, sørge for at alle løyve er på plass og at arbeidet skjer i tråd med løyve og lovverk. Tiltakshavar skal legge fram sluttdokumentasjon for tiltaket, og sørge for naudsynt framtidig drift og vedlikehald.

Fylkeskommunen	Sakshandsaming, høyringspart om kulturminne, tiltakshavar, vegeigar, vassdragsforvaltar	Mynde i høve kulturminne og del av vassdrag utan anadrom laksefisk. Følgjer opp vassforskrifta.
Regulant	Tiltakshavar, tilsyn, sakshandsaming, produsent av kraft, regulerer elva, driftar kraftverk, høyringspart	Regulerer vassdraget og driftar kraftverk i samsvar med reguleringskonsesjon. Har ansvar for effektar av reguleringa. Har på einskilde område ansvar for til dømes flaumkapasitet. Alt dette jamfør konsesjonar og forskrifta «IK-vassdrag». Har ansvar for tilsyn og vedlikehald av ni tersklar.
Lærdal Elveeigarlag	Lokal forvaltar av anadrom del av elva, organ for fiskerettshavarane, rådgjevar, høyringspart	Forvalte villaks- og sjøaureressursane i vassdraget. Gje råd og rettleiing til fiskerettshavarane. Samordne aktiviteten i elva. Utarbeide driftsplan.
Grunneigar	Tiltakshavar, forvaltar av eigen grunn, eig grunnen som elva renn over, høyringspart, disponerer grunnvatn	Forvalte og sikre eigen grunn. Levere ferdigattest og dokumentasjon for utført tiltak. Oppretthalde kantvegetasjon. Tilsyn og vedlikehald av sikringstiltak og tersklar og andre vassdragstiltak den har ansvar for.
Fiskerettshavar⁴	Disponerer fisket, medlem i Lærdal Elveeigarlag, tiltakshavar, høyringspart.	Forvalte fiskeretten sin i samarbeid med valdet og elveeigarlaget.
Miljødirektoratet	Påleggsmunde, forvaltar, klageinstans	Fastsette fiskereglar, gje pålegg overfor regulant, handsame klage på Fylkesmannen sitt vedtak.

⁴ Grunneigar har ofte fiskeretten, men nokon kan ha fiskeretten utan å vere grunneigar.

Regulanten har ansvar for å ha kontroll med flaumkapasiteten i vassdraget. Ansvaret er omtala i gjeldande manøvreringsreglement punkt 3 og lovfesta i «*Forskrift om internkontroll etter vassdragslovgivningen (IK-vassdrag)*». Regulanten har mellom anna plikt til å kartlegge farer og problem med omsyn til miljø og tryggleik. På bakgrunn av det skal regulanten vurdere risiko, utarbeide planar og gjennomføre tiltak for å redusere risikotilhøva. Ansvaret som ligg på regulanten er knytt reguleringa. Ansvaret må bli sett i samanheng med tiltak som andre aktørar har utført og har ansvar for i vassdraget. Det er NVE som har tilsyn med og følgjer opp regulanten sitt ansvar.

Mange har overlappende ansvar for tilsyn og vedlikehald av tiltak. Prosjektgruppa har forslag og råd til dette arbeidet i kapittel 8.

3.3 Tersklar, utstikkarar og andre vassdragstiltak

Regulanten har bygd 12 tersklar i Lærdalselvi etter pålegg i samband med regulering av vassdraget. Regulanten har i dag (Østfold Energi) ansvar for tilsyn og vedlikehald av ni av desse tersklane. NVE følgjer opp regulanten sitt ansvar i høve dei ni pålagde tersklane.

NVE fører tilsyn med dei tre tersklane som regulanten har bygd, men ikkje har ansvar for.

For tersklar, utstikkarar og andre vassdragstiltak, som ikkje er underlagt reguleringskonsesjon, er det den ansvarlege som skal sørge for at tiltak som kan føre til skade er i forsvarlig stand til det blir lagt ned (vrl. §§ 37 og 41). «Den ansvarlige» er normalt grunneigar eller tiltakshavar.

3.4 Legge ned (fjerne) vassdragsanlegg

NVE kan gjennom ei søknadsordning bidra til å fjerne vassdragsanlegg som ikkje lenger har nytte som sikringstiltak i samsvar med vrl. § 41. Det kan til dømes vere anlegg som har vore i drift i samband med jordbruk som blir nedlagt. Fjerning av anlegget kan bli utført som eit miljøtiltak med føremål å tilbakeføre elva til opprinneleg stand. Søknad skal gå via kommunen.

4 Regelverk, prinsipp og avtalar

4.1 Vern av villaks – nasjonalt laksevasdrag

Ordninga med nasjonale laksevasdrag skal sikre villaksen eit særleg vern. Det er ikkje løyve til å utføre nye tiltak og aktivitetar som kan skade villaksen, og vassdraga skal bli forvalta slik at mangfaldet og produktiviteten til naturen blir tatt vare på. (St.prp. nr. 32, 2006-2007). Verneregimet til villaksen bygger på den grunnleggande føresetnaden at:

«... summen av endringer i aktivitetene i vassdragene over tid ikke skal medføre økt, men snarere redusert risiko for villaksen.»

Det er i hovudsak menneskeskapte miljøendringar som er årsak til tilbakegang av villaks dei siste 30 åra. Situasjonen for villaks inneber at leveområda i vassdrag bør auke i omfang. Eksisterande leveområde må sikrast, og område som ikkje er optimale for produksjon av villaks bør bli restaurerte (St.prp. nr. 32, 2006-2007).

4.2 Reguleringskonsesjon

Lærdalsvasdraget vart regulert til produksjon av elektrisk kraft på 1970-talet. Det vart gjeve løyve til regulering og overføring av vatn (reguleringskonsesjon) i vassdraget.

Reguleringskonsesjonen er løyve frå staten til å utføre reguleringa, og blir følgt opp av staten ved NVE. Den ligg til grunn for regulanten (i dag Østfold Energi) sitt ansvar og arbeid i elva. Konsesjonen inneheld mellom anna vilkår og manøvreringsreglement. Den er gjeven på ubestemt tid, men kan takast opp til alminneleg revisjon etter 50 år.

NVE og Miljødirektoratet handsamar søknader og pålegg knytt til reguleringskonsesjonen, og har tilsyn med regulanten si verksemd i vassdraget.

Det har blitt halde skjøn som kompensasjon og erstatning etter reguleringa. Skjønnsforretningane er avslutta.

4.3 Plan- og bygningslova (pbl.)

Plan- og bygningslova er den sentrale lova om arealforvaltning. Lova gjeld, om ikkje anna er bestemt, for vassdrag. § 1-8 føreset eit ekstra omsyn langs 100-metersbeltet til vassdrag. Føremålet med lova er mellom anna å fremje berekraftig utvikling og samordne statlige, regionale og kommunale oppgåver. Lova skal sikre at tiltak blir utført forsvarleg, på rett måte og etter rett regelverk. Plan og bygningslova er ei prosesslov som legg rammer for saksprosessane. Den seier noko om kva tiltak som kan bli utført når samfunnet bestemmer

korleis eit areal skal bli brukt. Kommunen er lokal mynde og har plan- og bygningslova som det viktigaste verktøyet i plan- og byggesaker.

4.4 Vassressurslova (vrl.)

Vassressurslova er den generelle lova om bruk og forvaltning av vassdrag. Lova har som føremål å sikre samfunnsmessig forsvarleg bruk og forvaltning av vassdrag og grunnvatn. Alle som skal gjere inngrep i vassdrag må ta stilling til lova med forskrifter. Eit sentralt prinsipp som gjeld alle som utfører tiltak i vassdrag, er vrl. § 5 første ledd om aktsemd:

«Enhver skal opptre aktsomt for å unngå skade eller ulempe i vassdraget for allmenne eller private interesser.»

NVE er vassdragsmynde i Noreg, og har ansvaret for å forvalte landet sine vassressursar inkludert grunnvatn.

4.5 Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag

Lakse- og innlandsfisklova skal sikre at naturlege bestandar av anadrom laksefisk og deira leveområde blir forvalta i samsvar med naturmangfaldlova. Lova gjev grunnlag for utvikling av bestandane for å auke avkastning. Når tiltak i laksevassdrag ikkje treng konsesjon etter vassressurslova skal saka handsamast av Fylkesmannen etter «Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag» med heimel i lakse- og innlandsfisklova.

4.6 Naturmangfaldlova (nml.)

Føremålet med naturmangfaldlova er at berekraftig bruk og vern skal sikre naturen. Det biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfaldet og dei økologiske prosessane skal bli tatt vare på slik at naturen gjev grunnlag for menneskeleg verksemd, kultur, helse og trivsel, no og i framtida.

I naturmangfaldlova §§ 8-12 er det fem miljørettslege prinsipp. Dei er sentrale i naturforvaltninga og er grunnlaget for all forvaltning som påverkar natur:

- **Nml § 8 – kunnskapsgrunnlaget**
 - offentlege vedtak skal så langt det er rimeleg bygge på vitenskapleg kunnskap
- **Nml. § 9 – føre-var-prinsippet**
 - ved kunnskapsmangel skal ein ta sikte på å unngå mogleg vesentleg skade på naturmangfaldet
- **Nml. § 10 – økosystemtilnærming og samla belastning**
 - påverknad av eit økosystem skal bli vurdert ut frå den samla påverknaden som

systemet er eller vil bli utsett for

- Nml. § 11 – **kostnaden av miljøforringing skal berast av tiltakshavar**
 - tiltakshavar skal dekke kostnadene for å hindre og avgrense skade på naturmangfaldet som tiltaket fører til, dersom dette ikkje er urimeleg
- Nml. § 12 – **miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar**
 - metodane som gjev minst mogleg skade på naturmangfald og best samfunnsmessige resultat skal nyttast

Det skal gå fram i alle vedtak korleis desse prinsippa er vurderte og vektlagt (nml. § 7).

4.7 Vassforskrifta

Føremålet til vassforskrifta er å gje rammer for å bestemme miljømål. Dei skal bidra til å sikre mest mogleg heilskapleg vern og berekraftig bruk av vassførekomstande. Forskrifta er heimla i plan- og bygningslova, vassressurslova, naturmangfaldlova og ureiningslova. I vassforskrifta § 12 er det spesifisert at ny aktivitet eller nye inngrep som fører til at miljømålet ikkje blir nådd berre kan bli utført på visse vilkår.

Fylkeskommunen er vassregionmynde etter vassforskrifta. Fylkeskommunen har ansvar for å koordinere arbeidet med å oppdatere ein regional forvaltingsplan og tiltaksplan som skal skissere naudsynte tiltak for å nå miljømåla. Miljømåla for vassførekomstar er gjevne i kapittel 2.1. Arbeidet skjer i nært samarbeid med vassregionutvalet, der relevante sektormynde og kommunar deltar.

Fylkesmannen er miljøfagleg ansvarleg og har hovudansvaret for å oppdatere kunnskapsgrunnlaget og koordinere overvaking og registrering av overvakingsdata i Vann-Nett.no, i samråd med aktuelle mynde. Alle aktuelle sektormynde, fylkeskommunar og kommunar har plikt til å bidra slik at det felles kunnskaps- og avgjerdsgrunnlaget for vassforvaltningsplanane og tiltaksplanane blir så godt som mogleg. Dei har òg ansvar for å skissere tiltak som er naudsynt for å nå miljømåla.

4.8 Avtalar

Det ligg føre ein overeinskomst mellom regulanten, kommunen og Lærdal Elveigarlaget, av 26.04.65, òg kalla «Lærdalsavtalen».

Del 2 - Forvaltning av Lærdalsvassdraget

5 Praktisk forvaltning

5.1 Forvaltningsområde

Forvaltningsplanen gjeld den til ei kvar tid lakseførande del av vassdraget. Områdeavgrensinga heng saman med vernet av villaksbestanden gjennom ordninga med nasjonale laksevassdrag. Planen gjeld i tillegg når tiltak kan ha nemneverdig påverknad i område med anadrom laksefisk.

5.2 Forvaltningskategoriar

Det er sett opp fire forvaltningskategoriar, frå 1 til 4 (Tabell 2). Forvaltningskategoriane blir brukt som retningsliner for ei skjønsmessig vurdering av ulike typar tiltak. Forvaltningskategoriane har blitt sett for ein del tiltak i Tabell 3 i kapittel 5.3.

Ved vurdering av kva forvaltningskategori eit tiltak skal ha, har konsekvensane ved tiltaket blitt vurdert opp mot målsetjinga for forvaltning av vassdraget. Forvaltningskategorien seier såleis noko om kor stor konflikt det er mellom tiltaket som skal bli utført og forvaltningsmålet. Kategori 1 er lågast og kategori 4 er høgast konflikt. Høgare forvaltningskategori krev meir dokumentasjon og ofte kompensierende tiltak for å bli godkjent.

Vurderingane av tiltaka er ikkje absolutte. Eit tiltak i kategori 4 kan bli godkjent ved særlege høve. På same måten kan tiltak i kategori 1 ha følgjer som gjer at det ikkje kan bli godkjent.

Med «normalt» i Tabell 2 meiner ein det som vanlegvis blir vurdert for denne typen tiltak.

Tabell 2: Forvaltningskategoriane frå kategori 1 (lågast konflikt) til kategori 4 (høgast konflikt).

Kategori	Vurdering
1	Tiltak som normalt kan bli godkjent
2	Tiltak som normalt kan bli godkjent, men der ein må vurdere konsekvensane, og moglege kompensierende tiltak for å redusere dei negative konsekvensar
3	Tiltak som normalt ikkje kan bli godkjent, men der ein må vurdere konsekvensane i høve forvaltningsmåla. Omfang, detaljar, utforming og kompensierende tiltak vil avgjere om tiltaket kan bli godkjent
4	Tiltak som normalt ikkje kan bli godkjent

5.3 Oversikt over tiltak med forvaltningskategoriar

Ein del av dei vanlegaste tiltaka som forvaltninga må ta stilling til i si sakshandsaming er lista opp i Tabell 3. Tabellen er ei rettleiing for korleis ulike tiltak skal bli vurdert, regelverk som kan bli nytta og kva mynde som er involvert.

Forkortingar for regelverk: Sl.=skogbrukslova, Jl.=jordlova, Laksfl.=lakse- og innlandsfisklova, Vrl.=vassressurslova, Kulml.=kulturminnelova, Pbl.=plan- og bygningslova.

Forkortingar for mynde: K=kommunen, FM=Fylkesmannen i Vestland, FK=Fylkeskommunen, NVE=Noregs vassdrags- og energidirektorat.

Tabell 3: Oversikt over forvaltningskategori for ein del tiltak, med regelverk og mynde. Andre partar enn dei nemnde kan gje uttale i sakene. Anna regelverk enn dei som er nemnt her kan bli nytta. Forskrifter knytt til lovene er ikkje nemnt i tabellen.

Type tiltak	Kategori	Regelverk ¹⁾	Mynde/ høyringspart
Landbruksveg/privat veg	2	Sl. Jl. Laksfl. Vrl. Kulml. Pbl.	K, FM, FK og NVE
Offentleg veg (etter pbl.)	2	Pbl. Vrl. Kulml. Laksfl.	K, FM, FK og NVE
Køyrebru (over kile/sidevassdrag/sideløp, ofte med lite inngrep i vassdraget og kantvegetasjon)	2	Pbl. Jl. Vrl. Kulml. Laksfl.	K, FM, FK og NVE
Kulvert/røyr (krysse kile/sidevassdrag/sideløp, inneberer ofte graving, fjerning av vegetasjon m.m.)	3	Pbl. Jl. Vrl. Kulml. Laksfl.	K, FM, FK og NVE
Bekkelukking	4	Pbl. Jl. Vrl. Kulml. Laksfl.	K, FM, FK og NVE
Opne tidlegare lukka bekk	2	Pbl. Jl. Vrl. Laksfl.	K, FM, NVE
Kanalisering (utretting av løp)	4	Pbl. Jl. Vrl. Kulml. Laksfl.	K, FM, FK og NVE

Masseuttak²⁾	3	Pbl. Vrl. Laksfl.	K, NVE, FM
Utfylling i vassystemet	4	Pbl. Vrl. Laksfl.	K, NVE, FM
Flaumsikring	2	Pbl. Jl. Vrl. Kulml. Laksfl.	K, FM, FK og NVE
Erosjonssikring	2	Pbl. Jl. Vrl. Kulml. Laksfl.	K, FM, FK og NVE
Vedlikehald av forbygging og erosjonssikring	2	Pbl. Jl. Vrl. Kulml. Laksfl.	K, FM, FK og NVE
Vedlikehald av tersklar og utstikkarar	2	Pbl. Vrl. Laksfl.	K, NVE, FM
Bygge ny terskel	4	Pbl. Vrl. Laksfl.	K, NVE, FM
Landbruksvatning, vassforsyning (frå hovudelv)	1	Pbl. Vrl. Laksfl. Kulml.	K
Vassuttak frå kilar og sideelvar	2	Pbl. Vrl. Laksfl. Kulml.	K, NVE, FM, FK
<u>Fjerne</u> kantvegetasjon³⁾	4	Pbl. Vrl. Laksfl.	K, NVE, FM
Fiskebru/gangbru/fiskebrygge (Ny/større endringar på eksisterande)	3	Pbl. Vrl. Laksfl. Kulml.	K, NVE, FM, FK
Midlertidig bru for tilkomst til fiske (fjernast etter kvar sesong)	1	Pbl. Vrl. Laksfl.	K
Miljøtiltak for å betre tilhøve for natur og fisk	2	Pbl. Vrl. Laksfl. Kulml.	K, NVE, FM, FK
Nedlegging av vassdragsanlegg (vrl. § 41)	2	Pbl. Vrl. Laksfl. Kulml.	K, NVE, FM
Nydyrking	2	Jl. Vrl. Laksfl. Kulml.	K, NVE
Større bygg i byggjeforbodssona⁴⁾ (50m byggjeforbodssone i kommuneplan)	4	Pbl. Vrl.	K, FM, NVE

Andre byggjemeldingspliktige tiltak (som gapahuk og andre enkle bygningskonstruksjonar)	3	Pbl. Vrl. Laksfl.	K, NVE, FM
Tilrettelegging for fiske på land⁵⁾	2	Pbl. Vrl.	K
Oppattretting av løpet til vassdraget (etter vrl. § 12)	3	Pbl. Laksfl. Vrl.	K, FM, NVE

¹⁾ Ein må avklare om kvart tiltak har konsekvensar for naturmangfaldet. Naturmangfaldlova er difor ikkje nemnt for kvart enkelt tiltak i tabellen. Tiltak som kan påvirke naturmangfaldet skal ha ei særskilt vurdering etter naturmangfaldlova. Prinsippa i naturmangfaldlova, og andre sentrale regelverk og prinsipp som gjeld for alle typar tiltak er, nærare skildra i kapittel 0.

²⁾ Minerallova gjeld for masseuttak over 500 m³ (er meldepliktig til Direktoratet for mineralforvaltning (DFM)) og samla uttak over 10 000 m³ (krev driftskonsesjon frå DFM) (Minerallova §§ 42 – 43). Det er opning i eksisterande lovverk for masseuttak ved vedlikehald/opprydding etter flaumar, men desse sakene krev og sakshandsaming for god samordning, prioritering og vurdering av omfang. Det er ikkje opning i lovverket for såkalla «mindre masseuttak til eige bruk».

³⁾ Skjøtsel av kantvegetasjon er tillate. Sjå òg Vedlegg 2 om kantvegetasjon.

⁴⁾ Bygg i 50-meters sona kan tillast om det er opna for det gjennom vedtak av kommuneplan/reguleringsplan i eit avgrensa område.

⁵⁾ Benkar, bord og liknande midlertidig tilrettelegging for fiske vert ikkje rekna som eit tiltak som ein treng å søkje om når:

- det ikkje fører til terrenginngrep eller tiltak i vassdraget, og det blir utført på ein slik måte og er av ein slik art at det ikkje er i strid med lovverket
- det er midlertidig og vert fjerna etter endt fiskesesong

6 Frå søknad til ferdig tiltak

6.1 Innleiing

Ved tiltak i eller langs vassdraget skal alle rette seg etter aktsemdplikta i vassressurslova § 5 (sjå 4.4) og prinsippa i naturmangfaldlova (sjå 4.6). Alle tiltak i eller nær vassdrag vil vurdert i høve reglane om kantvegetasjon i vassressurslova § 11.

Forvaltninga har god historisk oversikt over typiske saker i Lærdalsvassdraget. Dei ulike fiskevalda i Lærdal har i ei spørjeundersøking svara at å sikre gode oppvekstvilkår for fisk, å vedlikehalde tiltak i vassdraget og å leggje til rette for fiske er viktig for dei.

Det er viktig for forvaltninga at ein innan valda og mellom nabovald/naboeigedomar samarbeider om planar for tiltak. Då vert det lettare for kommunen og andre mynde å sjå sakene samla, og sakshandsaminga kan bli meir effektiv. Ein kan òg få betre resultat av tiltaka om ein samarbeider.

Det kan bli sett særlege vilkår for tiltak som kan ha konsekvensar for villaks, til dømes tidsrom og metode for gjennomføring. For slike tiltak kan kommunen sette ein søknadsfrist, som ein indikasjon på kva tid ein må søke om tiltaket skal bli utført komande haust-vinter. Nokre slike tiltak er skildra i kapittel 6.4.

Kommunen har med heimel i plan- og bygningslova bestemt at det er byggeforbod i ei sone på 50 meter frå Lærdalselvi. Byggeforbodssona er merka i kartvedlegget til forvaltningsplanen. Når det er vanskeleg å avgjere om eit tiltak er omfatta av denne forvaltningsplanen, vil det vere avgjerande om tiltaket skal bli utført i eller har følgjer i denne sona. Det er ikkje bestemt ei slik sone rundt kilar og sideelvar. Her vil ei sone tilsvarande det tilrådde omfanget av kantvegetasjon, minimum 10 meter, vere retningsgjevande. Plan- og bygningslova § 1-8 har eit generelt forbod mot tiltak i eit 100-meters belte langs vassdrag og sjø.

6.2 Generelt om kva du må søke om

Tiltak i vassdraget som ikkje fører til regulering eller uttak av vatn, og som ikkje har andre nemneverdige negative verknader for nokon allmenne interesse, vil normalt ikkje krevje løyve eller konsesjonshandsaming etter vassressurslova (NVE, 2017b). Ein reguleringsplan, til dømes ved uttak av større mengder masse, kan erstatte konsesjonshandsaming.

Søknad om tiltak som ikkje krev konsesjon vert normalt handsama etter plan- og bygningslova og/eller «Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag». Døme på slike tiltak er mindre sikringstiltak,

mindre masseuttak, vedlikehold av tersklar og andre mindre tiltak. Landbrukstiltak vil bli handsama etter landbruksregelverket i tillegg til regelverk nemnt over når det er relevant.

6.3 Saksgang


Når du vil gjere tiltak i eller ved Lærdalsvassdraget som kan vere søknadspliktig må du kontakte kommunen for å få ei førehandsdrøfting. Der vil tiltaket bli vurdert i høve regelverk og vedtekne planar i kommunen. Det blir mellom anna gjeve rettleiing om vegen vidare og informasjon om krav til søknad. Di meir informasjon du har om tiltaket, di betre tilbakemelding kan kommunen gje.

Alle søknader om tiltak i vassdraget skal rettast til kommunen, med unntak av tiltak som klart vil krevje konsesjon etter vassressurslova. Då skal søknad sendast til NVE. Naudsynt informasjon i søknad om tiltak er vist i Vedlegg 3.

Sakshandsaminga vil variere etter omfang og verknader av tiltaket. Tiltak som kan påverke villaksen, vassdraget eller natur kan bli sendt på høyring til Lærdal Elveeigarlag, Fylkesmannen, NVE og regulanten. Det kan vere naudsynt med synfaring av tiltaket, og det kan vere andre mynde enn kommunen som avgjer saka. Til slutt vil du få eit løyve eller avslag på søknaden. Det blir lagt vekt på nytta av tiltaket i høve konsekvensane (både konsekvensane av arbeidet og av det ferdige tiltaket). Med eit løyve kan det følgje visse vilkår for å utføre tiltaket. Når tiltaket er ferdig skal det bli levert sluttdokumentasjon frå tiltakshavaren til kommunen. Saksgangen er vist i *Figur 8*.



Figur 7: Hølen "Portman" syner i framgrunnen, husmannsplassen Galdane syner i bakgrunnen. Foto: Alf Olsen jr.



Figur 8: Prinsippkissa viser normal saksgang frå førehandskonferanse til gjennomføring av tiltak for tiltak som vert omfatta av forvaltningsplanen. Lista over lovverk i figuren er ikkje utømmende. Søknadar om tiltak må òg handsamast etter plan- og bygningslova, naturmangfaldlova, vassforskrifta og fleire. Vassforskrifta § 12 kjem i bruk når det er risiko for at eit tiltak vil gjere tilstanden i vassførekomsten verre.

6.4 Vurdering av nokre typar tiltak

6.4.1 Masseuttak

Masseuttak frå elva har konsekvensar for livet i elva og vil ofte vere i konflikt med statusen elva har som nasjonalt laksevasdrag (laksfl. § 7a og vrl. § 35a). Slike tiltak kan difor normalt ikkje bli utført og har forvaltningskategori 3 i Tabell 3. Nokre gongar kan det vere naudsynt å ta ut masse sjølv om det kan ha negative verknader. Massen er ein naturleg del av vassdraget, men kan nokre gongar endre flaumkapasiteten eller ha andre konsekvensar om han blir liggande. Føremålet med uttaket er sentralt for å få løyve. Konsekvensane av tiltaket vil bli sett opp i mot nytta. For større masseuttak må det utarbeidast reguleringsplan. Ein slik plan kan erstatte konsesjonshandsaming.

Vrl. § 12 har ein regel om oppattretting av løpet til vassdraget (til dømes tilførsel og reinsking av lausmassar) utan at ein treng konsesjon. Tiltaket må likevel ha løyve etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag om anadrom laksefisk kan bli påverka. Ved alle vassdragstiltak i nasjonale laksevasdrag skal det takast særleg omsyn til laksen, i tråd med vrl. § 35a og laksfl. § 7a.

På grunn av konsekvensane ved masseuttak frå vassdraget er det viktig for forvaltninga å ha heilskapleg oversikt over kvar og kva tid slike tiltak blir utført. Ein søknadsfrist for denne typen tiltak kan difor bli sett av kommunen. Når uttak av masse er naudsynt kan løyve bli gjeve på vilkår som tidsrom, metode, område og mengde.

6.4.2 Miljøtiltak (for å betre biologiske tilhøve)

Forvaltninga ynskjer å legge til rette for miljøtiltak. Med miljøtiltak meiner ein tiltak for å redusere påverknadene på villaks og på sikt betre tilhøva for livet i vassdraget. Kommunen har oversikt over ulike tilskotsordningar med visse søknadsfristar som kan finansiere visse typar miljøtiltak. Ta kontakt med kommunen for å vurdere tilskot til miljøtiltak.

Miljøtiltak som betrar tilhøva for fisk og naturmiljø i vassdraget vil normalt få løyve etter vurdering av fagmynde, og har forvaltningskategori 2. Miljøtiltak må ha ei fagleg vurdering og bli utført etter ein nærare plan for å sikre at tiltaket oppnår ønska effekt. For å sikre at ein oppnår best mogleg resultat i lengst mogleg tid bør ein sjå miljøtiltak i ein større samanheng i område som naturleg høyrer saman, til dømes eit samanhengande kilesystem. Det er difor ein fordel at relevante grunneigarar deltek eller godtek tiltaket.



Figur 9: Hovudløpet i den restaurerte Seltakilen ved Seltun. Straumretninga er vist med blå pil. Tett vegetasjon rundt kilen gjev skugge, skjul og god næringstilgang for fisk. Foto: Gert Høgseth, NVE.

Med miljøtiltak meiner vi i denne planen to hovudtypar: restaurering av (del av) vassdraget og habitattiltak.

- Restaurering er meir omfattande og i større område, og tek sikte på å føre attende naturtypiske tilhøve og fjerne årsaka til utfordringane i området (Pulg, et al., 2018). I Lærdal vil restaurering vere mest aktuelt i til dømes kilar og sidevassdrag.
- Habitattiltak er målretta tiltak for å betre tilhøva lokalt, men vil normalt ikkje fjerne årsaka til utfordringane. Habitattiltak krev vedlikehald eller gjentaking for å ivareta effekten (Pulg, et al., 2018).

Nedlegging av vassdragsanlegg (vrl. § 41) kan bli utført som miljøtiltak med støtte frå NVE.

For at forvaltninga skal kunne vurdere miljøtiltak i vassdraget samla og at utføring kan skje i rett tidsrom kan kommunen setje ein søknadsfrist for denne typen tiltak.

6.4.3 Fisketiltak

Med fisketiltak meiner ein tiltak som legg til rette for å utøve fiske. Fiske har lange tradisjonar i vassdraget. Det kan vere naudsynt å legge til rette for sportsfiske langs elva på land nokre stader. Slike tiltak kan ikkje kome i konflikt med forvaltningsmåla.

Tiltaka må ta omsyn til heilskapen i området, oppretthalde funksjonen til kantvegetasjon og passe visuelt i naturmiljøet i området. Døme på tiltak kan vere skjøtsel av vegetasjon, benkar og bord, gapahuk eller liknande og tiltak for å gje trygg ferdsel langs vassdraget ved fiske.

Nye, fysiske tiltak tett på elva får forvaltningskategori 3. Dette av omsyn til regelverk om nasjonale laksevassdrag og den totale belastninga som det er av tiltak som allereie er utført.

6.4.4 Sikringstiltak

Sikringstiltak er til dømes sikring mot erosjon og overfløyming. Når klimaendringar fører til større nedbørmengder, meir ustabil vêr og meir ekstremvêr kan det gje oss nye og forsterka utfordringar på korleis vi skal handtere vatnet. Nye, større sikringstiltak vil bli planlagde som del av reguleringsplan og blir ikkje drøfta her. Mindre sikringstiltak som vert utforma slik at dei ikkje har konsekvensar for allmenne interesser treng ikkje konsesjon (NVE, 2017b). Slike tiltak kan ein søke om til kommunen, som vil sende søknaden på høyring til Fylkesmannen om laks og sjøaure kan bli påverka av tiltaket.



Figur 10: Engelskmannsbrui frå Nedre Eri (høgre biletkant) til Molde/Færestad. Terskel nr 46 syner eit stykke nedstraums brua. Foto: Alf Olsen jr.

Private tiltak for sikring mot flaum eller erosjon krev grundig beskriving av tiltaket og kvifor det er naudsynt. Det må vere tungtvegande årsaker til å utføre nye sikringstiltak, der nytta må vege opp for dei negative konsekvensane tiltaket har.

Etter søknad kan NVE hjelpe til med planlegging og utføring av nye sikringstiltak. Det er område med størst samfunnsøkonomisk verdi og liv og helse som blir prioritert.

For at forvaltninga skal kunne vurdere sikringstiltak i vassdraget samla og at utføring kan skje i rett tidsrom kan kommunen setje ein fast søknadsfrist for denne typen tiltak.

7 Andre omsyn i og langs vassdraget

7.1 Lagring av rundballar og lausmassar

Rundballar kan føre til ureining av grunnen. Lagring av slike skal skje i samsvar med §21 i «forskrift om gjødselvarer m.v. av organisk opphav». Rundballar skal lagrast minst 50 meter, men helst 100 meter, frå vassdraget (Landbruk nordvest/Norsk landbruksrådgjeving, u.d.).

NVE tilrår at rundballar blir lagra så langt vekk frå vassdraget at dei ikkje kan bli råka ved ein flaum. Lagring av rundballar må skje i samsvar med aktsemdregelen i vassressurslova § 5. Det same gjeld for lagring av lausmassar og andre liknande tiltak langs vassdraget.

7.2 Desinfisering

Lærdalselvi var smitta med lakseparasitten *Gyrodactylus salaris* i nesten 20 år. Det er framleis elver med gyrosmitte i Noreg, mellom anna på austlandet og i Møre og Romsdal. Parasitten kan smitte ved at den overlever på utstyr som blir overført til anna vassdrag.

Desinfisering av utstyr ved utøving av fiske i Lærdalselvi blir følgt opp av dei som driv utleige av fiske. Lærdal Elveeigarlag har inngått avtale med Borgund Elveeigarlag om at alle som fiskar ovanfor anadrom sone skal bli oppfordra til å desinfisere sitt utstyr. For andre som kjem i kontakt med elva med til dømes traktor, gravemaskiner, vasstankar, klede, skotøy, utstyr til undersøkingar og ved friluftaktivitetar gjeld at utstyr skal vere heilt tørt eller det skal bli desinfisert før det blir nytta i neste vassdrag. Følgande reglar frå Mattilsynet (Mattilsynet, 2018) gjeld med mindre andre og strengare reglar vert publisert av elveeigarlaga lokalt. Reglane gjeld ALT utstyr som kjem i kontakt med elvevatnet:

- Det er forbode å flytte eller setje ut fisk utan løyve frå Mattilsynet eller Fylkesmannen.
- Ikkje vask og sløy fisk på andre stader enn der fisken vart fanga.

- Det er forbode å flytte utstyr mellom eller innanfor vassdrag utan å tørke eller desinfisere det.

Ikkje slå ut vatn på andre stader enn det er henta frå. Sjå Mattilsynet.no for utdjuping av reglane.

8 Råd til kommunen og oppfølging av forvaltningsplanen

Sikringstiltak

- Kommunalt tilsyn av sikringstiltak skal bli utført i samsvar med «*Forskrift om kommunalt tilsyn med anlegg for sikring mot flom...*». Tilsynet må vurdere vegetasjon som kan hindre tilkomst på sikringstiltak ved fare, ha konsekvens for funksjonen til sikringstiltaka eller i ein flaumsituasjon. Arbeidet bør i tillegg resultere i ein plan for skjøtsel/vedlikehald av sikringstiltaka.
- Kommunen sørger for at eigar av privat sikringstiltak vert gjort merksam på sitt ansvar for tilsyn og vedlikehald av sikringstiltak.

Beredskap

- Tilkomst til vassdraget ved fare bør vere ein del av kommunen sin beredskap, og må bli tatt omsyn til ved vedlikehald av og bygging av sikringstiltak. Tilkomst kan òg bli bestemt gjennom kommunal planlegging.

Kantvegetasjon

- Kommunen sørger for at ein skjøtselplan for kantvegetasjon langs hovudvassdraget vert utarbeidd.
- Breidda på kantvegetasjonen vert fastsett av kommunen i samsvar med pbl. med heimel i vassressurslova.

Evaluering av forvaltningsplanen

- Forvaltningsplanen skal evaluerast og eventuelt justerast innan to år etter at alle prosjekteigarane har akseptert den etter offentleg høyring. Prosjektansvarleg (NVE) skal sørge for at dette skjer.

Rullering av forvaltningsplanen

- Forvaltningsplanen skal rullerast kvart fjerde år (med start 4 år etter evaluering). Kommunen er ansvarleg for at planen vert rullert. Prosjekteigarane kan gje råd til kommunen om utvikling av forvaltningsplanen før kvar rullering.

Kartvedlegg

- Kommunen tek (om mogleg) over det digitale kartet og oppdaterer det fortløpande.

Tilsyn med tiltak under og etter utføring

- Prosjektgruppa ser eit behov for at kommunen fører tilsyn med ein del tiltak som kan ha konsekvensar. Tilsynet bør skje både under utføring og etter det er ferdig.

9 Kontaktinformasjon Lærdal kommune

Besøksadresse: Øyraplassen 7

Postadresse: Lærdal kommune, postboks 83, 6886 Lærdal

E-postadresse: post@laerdal.kommune.no

Telefon: 57 64 12 00

Internett: <https://www.laerdal.kommune.no/>



Figur 11: Lærdal sett mot sør frå stien til Oftedalen. Erisåsen ligg på motsett side av elva. Byggefelt i Ofta syner i nedre, høgre biletkant. Oppover dalen ser ein Hunderi, Skjær, Hauge, Nedre Eri. Foto: Gert Høgseth, NVE.

10 Vedlegg

- Kart
- Vedlegg 1: Viktige natur- og kulturfaglege omsynsområde i Lærdal
- Vedlegg 2: Kantvegetasjon
- Vedlegg 3: Informasjon som skal følgje ein søknad
- Vedlegg 4: Forklaring av omgrep nytta i forvaltningsplanen

11 Referanser

Andersen, O., Stensland, S. & Aas, Ø., 2018. *Lokaløkonomiske beregninger av laksefiske. Lærdalselva og Namsen som eksempler.*, s.l.: NINA Prosjektnotat 1/18.

Brendehaug, E., Stensland, S. & Olaussen, J. O., 2017. *Laksefiske i Lærdal. Spørjegransking til fiskarane. Frå prosjektet VILL-Verdiskaping i laksefiske i Lærdal*, s.l.: Vestlandsforskning.

Fylkesmannen i Hedmark, 2010. *Skjøtsel av kantvegetasjon langs vassdrag*. [Internett]
Available at: https://www.fylkesmannen.no/globalassets/fm-innlandet/000-annet/publikasjoner/fmhe-la-publikasjoner/fylkesmannen-i-hedmark-veileder_web.pdf
[Funnet 06 2019].

Fylkesmannen i Rogaland, 2010. *Inngrep i vatn og vassdrag - ei rettleiing*, s.l.: Fylkesmannen og Fylkeskommunen i Rogaland i samarbeid med NVE.

Landbruk nordvest/Norsk landbruksrådgjeving, u.d. *Lagring av rundballar*. [Internett]
Available at: https://vest.nlr.no/media/3236144/nlr_rundballar_b5_enkeltsider.pdf
[Funnet 06 2019].

Mattilsynet, 2018. *Fritt fram for fisk*. [Internett]
Available at:
https://www.mattilsynet.no/fisk_og_akvakultur/fiskehelse/fiske_og_sjellsykdommer/gyro/slik_hindrar_du_spreiing_av_gyrodactylus_salaris.10018/binary/Slik%20hindrar%20du%20spreiing%20av%20Gyrodactylus%20salaris
[Funnet 02 juni 2019].

Miljøstatus.no, 2015. *Nasjonale laksevassdrag og laksefjorder*. [Internett]
Available at: <https://www.miljostatus.no/tema/ferskvann/laks/nasjonale-laksevassdrag-og-laksefjorder/>
[Funnet 14 April 2019].

NARIN, 2018. *NARIN - Lokalitetsdatabase for skogområder*. [Internett]
Available at: <http://borchbio.no/narin/?fritekst=Gammelmo>
[Funnet 03 Desember 2018].

NVE, 1995. *Registrering av tersklar, utstikkarar, ol. I Lærdalselv hausten 1994 (Terskelplanen)*, s.l.: Norges vassdrags- og elektrisitetsvesen.

NVE, 2017b. *Veileder til vannressursloven og NVEs behandling av vassdrags- og grunnvannstiltak*. [Internett]

Available at: http://publikasjoner.nve.no/veileder/2017/veileder2017_01.pdf

[Funnet 29 05 2019].

NVE, 2018. *NVE Atlas*. [Internett]

Available at: <https://atlas.nve.no/Html5Viewer/index.html?viewer=nveatlas#>

[Funnet 05 Desember 2018].

Olje- og energidepartementet, 2012. *Meld. St. 15 (2011-2012) - Hvordan leve med farene, om flom og skred*, s.l.: s.n.

Pulg, U. et al., 2018. *Tiltakshåndbok for bedre fysisk vannmiljø: God praksis ved miljøforbedrende tiltak i elver og bekker*, Bergen: UNI Research Miljø LFI rapport 296.

St.prp. nr. 32, 2006-2007. *Om vern av villaksen og ferdigstilling av nasjonale laksevasdrag og laksefjorder*, s.l.: Det kongelige Miljøverndepartement.

Staubo, I. et al., 2019. *Kantvegetasjon langs vassdrag. Rettleiar nr. 2*, s.l.: Noregs vassdrags- og energidirektorat.